

Fylkesmannen i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/386 - 20/46345

Saksbehandlar:  
Tone Furustøl  
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:  
16.07.2020

## Ny vurdering av utsatt iverksetting med korrekt faktum - gbnr 24/3 Fammestad

Tiltak: ny grunneigedom  
Byggjestad: Gbnr: 24/3 Fammestad  
Tiltakshavar: Merethe Vindenes  
Ansvarleg søker:

I vårt skriv av 15.07.2020 vart det gjeve utsatt iverksetting av vedtaket om dispensasjon fatta av Utval for areal, plan og miljø i møte 29.04.2020 i sak 064/20. Ved ein inkurie er det lagt feil faktum til grunn ved at det ble informert om at «Det er ikkje søkt om løyve til frådeling per dags dato.» Vi beklagar feilen. Då det er lagt feil faktum til grunn, må det foretas ny vurdering av utsett iverksetting av tiltaket med korrekt faktum.

### Ny vurdering av utsett iverksetting av vedtak

I mottatt klage er det bedt om utsett iverksetting av vedtak datert 29.04.2020 sak 064/20. Oppmoding om utsett iverksetting vert handsama uavhengig av sjølve klagehandsaminga.

Utgangspunktet er at vedtak i byggesaker kan setjast i verk straks dei er vedtekne og gjort kjend for partane. Når eit vedtak er klagt på, kan underinstansen fatte avgjerd om at eit vedtak ikkje skal setjast i verk før klagan er endeleg avgjort.

Avgjerda vert gjort ut i frå ei heilskapleg og konkret vurdering av klagan og av dei ulike interessene og tilhøva som gjeld sjølve saka. Det sentrale for avgjerda vil vera ei vurdering av dei fordelar og ulemper ei avgjerd om utsett iverksetting vil gje, td. oppretteleg skade eller tap for partane.

I vedtaket som er fatta er det gitt dispensasjon og løyve til frådeling av bustadtomt.

Administrasjonen vurderer at det er grunnlag for å gje utsett iverksetting av vedtaket om dispensasjon og løyve til frådeling av bustadtomt inntil klagesaka er avgjort. I vurderinga av saka har administrasjonen lagt særleg vekt på at det ikkje er føremålstenleg å handsama ein eventuell oppmålingsforretning før klagan på vedtaket om dispensasjon og løyve til frådeling

av bustadtomt er endeleg avgjort, då ei eventuell omgjering av vedtaket som no ligg føre vil kunne føra til at det vert gjennomført oppmålingsforretning på feil grunnlag slik at også oppmålingsforretninga og matrikkelen må endrast. Vi kan få store utfordringar med å endre gjennomført oppmålingsforretning og matrikkelføring i etterkant.

Det vert gjeve utsett iverksetting av vedtaket om dispensasjon og løyve til frådeling fatta av Utval for areal, plan og miljø i møte 29.04.2020 i sak 064/20.

Denne avgjerda er ei prosessuell avgjerd og kan ikkje klagast på. Fylkesmannen kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsett iverksetting i saka. Eventuelle førespurnadar om dette kan rettast direkte til Fylkesmannen i Vestland.

#### Aktuelt regelverk

- Frist for handsaming av klage går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1 første ledd bokstav c.
- Frist for handsaming av klage viss det er gitt utsatt iverksetting går fram av SAK § 7-1 første ledd bokstav f.
- Kommunen kan endre vedtaket på bakgrunn av klaga, jf. forvaltningslova (fvl) § 33.
- Utsett iverksetting av tiltak har grunnlag i fvl § 42.
- Krav om utsatt iverksetting skal vurderast med bakgrunn i Ombodsmannen si årsmelding av 1985 på s. 154.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Silje Haukedal  
Avdelingsleiar

Tone Furustøl  
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

#### Kopi til:

Merethe Vindenes	Reikeråsvegen 69	5913	EIKANGERVÅG
Morten Tveit	Reikeråsvegen 69	5913	EIKANGERVÅG

#### Mottakarar:

Fylkesmannen i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
-------------------------	--------------	------	-----------